

Slik skal det ikkje sjå ut på Kunstgrasbanen.

17.07.2019



Slik skal det ikkje sjå ut på Kunsten.

**Bos og attgløynde kle er ein gjengangar på Kustgrasbanen. Problemet endrar seg litt i ferietida då det ikkje er faste treningar. Brukarane er ofte dei same, men utan trenar og foreldre som ser på kampane. I fellesferien kjem det mange turistar, båt- og campinggjester og brukar banen og aktivitetsområde rundt. Dersom ein ikkje plukkar og tek boset med seg, er det ingen andre som gjer det.**

Silje Øye er ei av fleire som har reagert på boset som i periodar flyt på område. I går plukka ho bos i bereposar og tok med i kontainar. Det er ispapir, godteposar, energiboksar og ikkje minst kle og ballar. Her må foreldra snakka med borna sine og bed dei ta boset med seg.

Då Uskedalen.no var på Kunsten i dag, var boset enno godt synleg. Den eine bosdunken var meir enn full. Kva om prosjektgruppa for Gull av Grus set opp fargerike bosspann på dei mest sentrale plassane. Det kan vera bosdunkar laga og designa for Kunsten. Problemet kan med dette tilvis løysast med å gjera det til ei original gladsak.

Prinsippet må uansett vera: Den som legg att bos og skrot, er sjølv ansvarleg for å fjerna det.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Det eine bosspannet er meir enn fullt.